

Inger og Hjalmar Brekke  
Eidavegen 563  
5993 Ostereidet  
Vi bur i 233/61 og 234/63/0.

30.04.2015

ABO Plan & Arkitektur AS  
Postboks 291  
5203 Os

Varsel om oppstart av områdeplan for Ostereidet sentrum, Lindås Kommune, gnr/bnr 234/6, 68, 77 m.fl.

Viser til informasjonsmøte på Ostereidet 21.04.2015, der planarforslaget vart presentert.

#### **Innspel og merknad.**

- Vi ser behovet for utbetring av dagens FV393 og er positive til dette.
- Vi er også positive til ei moderat utbygging av boligar i området og ei oppgradering til eit betre Ostereidet senter, med utvida service- og tenesttilbod.

På informasjonsmøtet fekk vi høyre at :

*«Ostereidet sentrum skal bli det finaste i Nordhordland, vere godt synleg frå E39 og vere attraktiv for eit mellombels stopp for dei som fer forbi».*

Kva med oss som allereie bur på Ostereidet, vi som grensar opp mot senteret frå aust, skal ikkje Ostereidet senter bli attraktivt for oss også?

Planen omfattar 200 nye bustader i form av høghus/blokkbebyggelse, med over 10 m høge bygg. Dette bryt med eksisterande bebyggelse og står i sterk kontrast til kulturlandskapet for øvrig. Slik planen vart framlagd vil eksisterande bebyggelse som grensar opp frå aust få fleire høghus på langt over 10 m tett inntil ein bustadane. I tillegg kjem ein sterk trafikkaue/trafikkstøy pga 200 nye bustader og annan trafikk til/frå senteret.

Vi bur i 233/61 og 234/63/0.

For oss er dette heilt uakseptabelt , det vil føre til ein betydeleg forringelse av boligstandarden og redusere verdien av eigedommane våre.

Høghus og bustadblokker i dette området står i sterk kontrast til eksisterande bebyggelse. Det framgår ikkje av planteikningane kva kote-høgde blokkene skal ligge på men ABO opplyser at 1. etg. for bustadblokkene i aust vil ligge i samme plan(gateplan) som REMA1000 i dag. Det betyr at vi kan få store og ruvande bygg, det største minst 10 (\*) meter høgt og svært langt (> 50 m?) tett inntil vår og dei andre ein bustadaene i aust.

På planen er det teikna inn 3 slike bygningar på 234/77 med parkeringsrom under(dvs i gateplan med noverande FV393).

Fleire slike høge bustadblokker på den steinsatte myra (234/77) vil framstå som ein «vegg» mot vest for dei bustadane som grensar opp mot dette frå aust.

Dei vil ta utsikt og sol frå hagane/uteplassane våre og vil forringe boligstandarden og verdien av eigedommer våre, i stor grad.

Hovedetasje/terrasse på ein bustaden ( 233/61/0) ligg på kote 95. På kartet ser det ut til at gateplan for REMA1000 (234/68/0) ligg noko høgare enn 233/61/0, Inger og Hjalmar Brekke.

Vi etterlyser eit vertikalt snitt som viser konsekvenser planforslaget har for tap av utsikt og sol for eigedom 233/61/0 ( 234/63/0) til Inger og Hjalmar Brekke.

**Redusere byggehøgda til 1 etg over parkeringsrommet.**

Vi krev at planen vert endra, slik at det vert bygd kun 1 etasje over parkeringsrommet på den steinsatte myra (234/77/0).

**Kloakk frå gnr/ bnr 233/61/, 234/63/0** går under FV 393 Eidavegen ned gjennom 234/77/0, 234/71/0, og 234/1/0 og 234/6/0(?). Dette må det takast omsyn til.

**Auka trafikk/trafikkstøy.**

Den framlagde planen, med bl.a. 200 nye bustader, vil føre til ein sterk auke i trafikken med auka trafikkstøy for oss som bur tett inntil FV393 dersom hoved-tilkomst til området er planlagt å gå forbi her. Dette vil også føre til ulempe og forringe boligstandarden.

Vi ber om at plangruppa og Lindås kommune/utbyggjarar også må ta omsyn til eksisterande bebyggelse slik at «Ostereidet sentrum skal bli det finaste i Nordhordland, vere godt synleg frå FV393 og vere attraktivt

- **også for eksisterande busetnad og eigedommar som grensar opp mot senteret.»**

Helsing

*Inger Brekke*

Inger Brekke

*Hjalmar Brekke*

Hjalmar Brekke

(\* ) Ein etasje er ca 3 m høg. Parkeringsanlegg, 3 etasjer pluss tak blir då ca 12-15 m

Inngjitt og merknaoler kommer også fra  
Dan Knutsen, Eidavegen 550 - Gnr. 234/76  
Hilsen  
Dan Knutsen.